

## BAKSIDERAPPORTEN

# Mentalhygiene i krisetider

«Det er ikke så meget vi voksne trenger for å leve, og så lenge barna kan få melk og tran er der ingen fare på ferde».

Dr. med Gabriel Langfeldt, «Kriseboka» Cappelen 1940

Kriseboka blei utlånt 20 ganger gjennom Andre verdenskrigen. Sidan har ho blitt 56 år i fred på Arendal bibliotek. Men andre stader i fylket, til dømes Evje, kan Kriseboka for alt eg veit ha tatt til å sirkulera på nytt. Der står dei forsvarslause på eit sviktande næringsgrunnlag, skal ein dømma etter krigstypene i lokal- og regionvisene. Dei minner litt om riksavisene våren 1940.

Dei andre forfattarane av Kriseboka skreiv tørt og praktisk om «Førstehjelp og sykepleie», «Matstell i krisetider», «Vi utnytter hver jordflekk» og «Hvor skal vi søke tilflukt under luftoverfall». Men det som tel mest er ikkje korleis me har det, men korleis me tar det. Psykiatri-professor Gabriel Langfeldt skreiv difor hovudkapitlet: «Mentalhygiene i krigstider». Dette vesle bidraget har kome i skuggen av at Langfeldt seks år påviste «varig svekkede sjelsevner» hjå Knut Hamsun – noko som kan ha vore ein korrekt karakteristikk av nobelprisvinnaren då kan kom ut av Psykiatrisk klinikk på Vindern i 1946, men ikkje då han blei teken inn fire månader før, har forfattern Thorkild Hansen sidan konkludert.

Medan dei lærde stridest om kven Hamsun sveik og blei sviken av, får Kriseboka meg til å spørja kva Langfeldt dreiv med i 1940. Han har blitt klandra for mykje, men etter det eg veit aldri for å gå ærend for herrefolket. Tvert om er han kjend mellom dei fremste ganskarane av norske landsvikarar. I Kriseboka agiterte han for ro, resignasjon, lojalitet og mot radiolytting og ulydnaad – av mentalhygieniske grufinar. Hadde han grunngeve dei same råda politisk, kunne professoren risikert å finna sitt eige namn i klientarkivet etter krigen.

Langfeldt målbar fyrst og fremst optimismen: «En situasjon som den vårt land nu er bragt inn i vil stille særlig store krav til den enkeltes sinnshelse, men hvis de offentlige myndigheter som arbeidsgivere fra første stund av setter alt inn på å skape de beste betingelser for at den sjellege sundhet kan bevares hos alle, og griper tilhjelpende inn hvor det trengs, skalde vi her i Norge ha de beste utsikter til ikke bare å komme sjelleg uskadd gjennom krisen, men også til en øket utfoldelse av det enkelte individs beste egenskaper», skriv Langfeldt.

Folk må berre ikkje la seg riva med: «Affektene kommer i kok og herunder økes suggestibiliteten». «Det er en kjent sak at barn og primitive mennesker er langt mere suggestible enn voksne kulturmenesker, idet dannelse, kultur og viten virker hemmende og gir sjellevet en sterk, kritisk overbygning. Denne kulturbetingede hemning er dog langt fra absolutt. Suggestionen appellerer nemlig direkte til de instinktive, driftsmessige, primitive følelser og er den suggestive kraft eller person tilstrekkelig mektig, vil alle, selv høiestående kulturmenesker, kunne bli offer for suggestionen». Ikkje minst massesuggestionen – dette elendommelige fenomen som på et øyeblikk kan feie bort fra en forsamlings, et folk, ja fra en hel verden alt hvad det møyssommelig er bygd opp gjennom århundrer av normer for social adferd».

Ein skulle tru karakteristikken var sydd etter mål av nazismen, men det er panikk-reaksjonar i det norske folket Langfeldt vil førebyggja: «I kritiske tider krever (folket) en myndig ledelse som har et nøye kjennskap til de psykologiske virkninger av alt hvad der offentlig blir meddelt og forordnet».

Om også Kriseboka blei vurdert av «en myndig ledelse», som på den tida var Quisling og det statsberande partiet NS, er uvisst. Kan hende finst der eit heilt tilfeldig samsvar mellom krava frå okkupantmakta og dei mentalhygieniske interessene til dei hærteknene.

Matmangel og arbeidsløyse er uunngåeleg i krisetider, og Langfeldt rår styresmaktene til gradvise reduksjonar av rasjonar. Han meinte at rasjonering i seg sjølv kunne vera god mentalhygiene. Folk med



latente asketiske drag kan til og med «finne en viss tilfredsstillelse med et nøisommere og mer beskjedent levevis» – «som kun sjeldent kommer til syne i overflodens dager». «Ta derfor rasjoneringen og alle innskrenkninger med godt humør», rår Langfeldt til, og det har ingen vondt av å minnst om i dag.

Andre avsnitt i kapitlet til Langfeldt hadde kan hende stått seg på å omskrivast noko for eit eventuelt nytt opplag:

«I vårt land er alle slike krisetilakker beredt i god tid og ikkje minst i de okkuperte strøk er de under ledelse av våre fremste fagfolk, så der er all grunn til å se fremtiden i møte med ro og tillit». Og: «Civilbefolkningen må stole på at våre myndigheter vil sørge for å gi den grei besked om virkelige farer som truer og etter det må den innrette seg». Orwell vrir seg i grava.

Og i massegravene må til dømes millionar av jødar gå i spinn med etterpåklokskapen som var Langfeldt framand i 1940 – då han doserte om at «frykt som melder seg hos civilbefolkningen under krig er nærmest begrunnet i uvidenhet. Ikke så få mennesker går rundt med en stille frykt for å lide overlast av de fremmede militære som er rykket inn i vårt land. Enhver bør da vite at i de okkuperte strøk hvor all motstand er oppgitt vil civilpersoner som opptrer korrekt ikkje risikere overlast fra disiplinerte soldater. Anderledes er det servsagt hvis noen har noe å skjule».

«Det må også ut fra mentalhygieniske grunner bestemt advares mot å forse sig mot det sterke kommandants forordninger. Absolutt lojalitet er derfor i krigstid en mentalhygienisk leveregel», slår Langfeldt fast.

Det høyrest merkeleg ut at «absolutt lojalitet» skulle vera ei tilrådeleg mentalhygienisk rettesnor i 1940, og ikkje ein føresetnad for fascisme.

Lojalitet mot kven? Det kunne vanskeleg vera eksilregjeringa i London, om ein og skulle lyda neste rådet frå professoren:

«Det vil være ganske nødvendig for de fleste – og absolutt for alle nervøse – individer å rasjonere på radiolyttingen. Det er overmåte trettende og energiforbrukende å sitte timevis å lytte til nyheter på de forskjellige sprog. Hjernens kapasitet er begrenset», slo Gabriel Langfeldt fast.

Kriseboka frå 1940 er berre eitt av tallause døme på at Hamsun-dødaren hadde rett – i det, om ikkje anna. Det er difor me frameis treng silke bøker.

Johan Brox

## DAG OG TID

TORS DAG 1. MARS 2001

### DT-DIKTET

EINAR ØKLAND:

## Tid for tid (Ei vise)

Framtida er dyr,  
den tida eg støtt må kjøpe,  
og kanskje for billig nåtida,  
den tida  
eg støtt må selje  
for å kunne betale.

Fortida derimot melder seg gratis  
ubeden og eigarlaus til disposisjon.  
Fortida vil berre ligge ilag med nåtida.  
Hudnær og nattdjup duvar  
denne tomt forkorta avstanden  
– vegene, trappa og døra –  
uimotståeleg saman med nåtida.  
Ein ståande slutt,  
konstant som eit sitat.

Har ein ikkje nåtid til dette,  
blir fortida fort så innpåsliten og plagsam  
at den må fernast, noko som lett  
blir så dyrt at det blir umulig.  
Det er inga framtid i det.  
Stundom ser eg fram til ei fortid  
som vil det same som eg:  
Ligge åleine.

(Frå «Bordsanger»  
til Georg Johannesen på 70-årsdagen)

Vi seier oss leie for at sistedelen av diktet  
hadde falle ut i førre nummeret  
red.

### PÅ STEINGRUNN

Den teksten  
ingen har lese,  
er ikkje skriven